

# Rundskriv

Nr 3/2016

Juni 2016



Norsk Oversetterforening

## Kjære medlem!

Tenk ei foreining der folk svarar ja! Vil du formidla? Leia ein verkstad? Halda ei innleiing?

«Ja, det vil eg gjerne», svarar mest alle som ein. På toppen av det heile strøymer det på med prosjekt og idear frå medlemene sjølve. For eit privilegium å ha slike medlemmer! Men det er likevel ikkje alltid det er rett å svara ja.

Byrået Nye Tillen stevnar fram. Ikkje noko gale i det, så lenge dei gjev omsetjarane skikkeleg betaling. Problemet er at ofte gjer dei ikkje det. Det seier seg sjølv at dersom det skal vera ein margin mellom det forlaget betalar for jobben og det omsetjaren får, må pengane hentast ein stad i frå – og det vil stort sett seia omsetjaren sitt honorar. Dei fleste forlaga som nyttar Nye Tillen er ikkje medlemmer, og dei kan forhandla fram pris på fritt grunnlag. Då er det viktig at omsetjaren står på krava. Ikkje minst bør ein lata vera å ta oppdraget som næringsinntekt. Dei einaste som tener på det, er byrået, som slepp å betala arbeidsgjevaravgift. Omsetjaren misser trygderettar, rett til dagpengar og svekker pensjonsgrunnlaget, og bidreg til å undergrava systemet. Men hugs at dersom forlaget er medlem av Forleggerforeninga, gjeld normalkontrakten, det sa forleggjarane seg einige i alt i april: «Etter vårt skjønns skal en avtale om oversettelse mellom et forlag organisert gjennom Den norske Forleggerforening og en oversetter organisert i Norsk Oversetterforening følge normalavtaleverket. Vi vil være av den mening at dette også gjelder avtaler om oversettelse gjennom eventuelle mellomledd.»

Skal du ta oppdrag for byrå, sørg for gode avtalar. Men om forlaget er medlem, sei nei. Medlemmer av NO/NFF bør ikkje på ta seg å omsetja bøker for medlemmer av Forleggerforeninga via mellommenn.

HarperCollins Nordic, som me tidlegare har skrive og snakka om, har no sleppt dei første bøkene på den norske marknaden. Dette er innbundne bøker som vert selde til 349 kroner i bokhandelen – altså ikkje massemarknadslitteratur – me har ikkje desto mindre informasjon som tyder på at dei vert omsette til vilkår svært langt under normalhonorar. Vert du spurd om å ta oppdrag for HCN, be om normalkontrakt og normalhonorar. Får du ikkje det, sei nei – eller ta kontakt med foreininga.

Det har nett vore årsmøte i det europeiske omsetjarrådet, CEATL. Det er eit av dei inspirerande møte kvart år, og eit unikt høve til å høyra kva utfordringar andre foreiningar har og kva som er dei viktigaste sakene i andre land. Ikkje minst er det tre dagar med idéutveksling. Utdelinga av den nederlandske omsetjarengelen og – djevelen og den litauiske «antiprisen» har vorte legendariske. I år gjekk førstnemnde til ein og same person, ein kritiskar som hadde nedsabla ei omsetjing på sviktande grunnlag, og deretter lagt seg flat og skrive eit godt innlegg der han tok avstand frå seg sjølv. Antiprisen går til forlag eller andre som undergrev omsetjarane sin status eller rett, eller – tenk det! – til ein som har produsert ei himla dårleg omsetjing.

Det viktigaste me snakkar om i CEATL, er likevel opphavsrett og kulturpolitikk, ikkje minst overfor europeiske styresmakter. Her har det internasjonale samarbeidet vorte mykje viktigare. Det er gjennom CEATL at me har fått verdifulle innspel til arbeidet med ny norsk åndsverklov og gjennom CEATL og NORNE me kjenner til korleis aktørar som AmazonCrossing og HarperCollins Nordic opererer. Høyrer du frå dei, høyrer me gjerne frå deg.

Så kort oppsummert: Foreininga treng medlemmer som veit når dei skal seia ja, og når dei skal seia nei. God sommar!



Foto: Blunderbuss

*Ika Kaminka  
foreiningsleiar*

## Rundskriv

Norsk Oversetterforening  
Postboks 579, Sentrum  
0105 OSLO

Telefon: 22 47 80 90  
E-post: [post@translators.no](mailto:post@translators.no)  
[www.oversetterforeningen.no](http://www.oversetterforeningen.no)



*Kjære medlem*

*Sommeren er her, og det nærmer seg  
ferietid for administrasjonen.  
Kontoret er stengt hele juli, og e-post  
vil kun bli lest sporadisk.*

*Ønsker du kontakt med foreningen,  
skriv til [post@translators.no](mailto:post@translators.no)*

*Vi vil minne om viktige datoer:  
Hieronymus-feiringen 29. september  
Høstseminar  
30. september–2. oktober  
Julemøte 26. november*

*God sommer!*

*Vennlig hilsen  
Norsk Oversetterforening*

*Berit Aas  
administrasjonskonsulent*

## SENIORTREFF

Onsdag 22. juni er det duket for årets seniortreff i Rådhusgata 7. Invitasjon er sendt ut til alle som er født i 1941 eller tidligere.

Under årets treff vil Bjørn Herrman fortelle om William Shakespeare og om lykken og fortvilelsen ved å oversette Shakespeare til norsk. Det vil som vanlig bli servert snitter og kake med dertil egnet drikke, og være tid for sosialt samvær.

## VI GRATULERER

Tom Lotherington med Det skjønnlitterære oversetterfonds pris!

Prisen gis for en oversetters samlede virke og ble utdelt under Norsk Litteraturfestival på Lillehammer.

## MØTEDATOER STYRET:

19. juni  
25. august  
29. september  
27. oktober  
24. november

## I 2017:

19. januar  
16. februar  
16. mars

Alle saker som ønskes behandlet i styret, bør være oss i hende senest en uke i forveien.

## FAGLIG RÅD:

13. juni  
16. august  
4. oktober  
15. november

## I 2017:

20.–22. januar stipendmøte  
7. mars

## OVERSETTERVERKSTED

Fredag 15. og lørdag 16. april ble Oversetterverkstedet avholdt i Rådhusgata 7. Målgruppen var nyere medlemmer av foreningen, og det var åtte deltakere. På programmet stod intense økter både med individuell veiledning på grunnlag av en selvvalgt oversettelse og fellesseanser med «språksauna», som på fjorårets Høstseminar. Deltakerne var på forhånd blitt tilsendt en tekst til oversettelse og mottok senere et hefte med alle oversettelsene i gruppen de var påmeldt. I saunaen ble oversettelsene gjennomgått med rikelig anledning til å diskutere små valg og store problemstillinger. Foredrag ved Bjørn Herrman, Thomas Lundbo og Helene Uri sørget for ytterligere faglig påfyll.

Deltakernes evalueringer gir klart uttrykk for et svært vellykket arrangement, som vi håper å gjenta.

## JUSTERING AV NORMALHONORARET

Forleggerforeningen har lovet oss justert normalhonorarsats innen 1. juli. Vi vil sende ut informasjon så snart det nye honoraret foreligger. Den justerte satsen vil gjelde fra 1. juli.

## OVERSETTERBLOGGEN

Har du oversatt en bok du synes andre bør få vite om, vært på et arrangement av relevans for oversettere eller har du lyst til å skrive om et tema knyttet til oversettelse? Oversetterbloggen tar løpende imot nye innlegg. Bidrag honoreres med et beløp mellom kr 500 og 2000, avhengig av omfang og arbeidsmengde.

Skrivelysten? Ta gjerne kontakt med oss eller send ditt bidrag til [post@translators.no](mailto:post@translators.no).